



Nordhordland Legevakt

Referansar:

Dykkar:

Vår: 15/677 - 17/7431

Saksbehandlar:

Marita Ulriksen Årseth

marita.aarseth@radoy.kommune.no

Dato:

21.06.2017

## Psykososialt kriseteam i Radøy

Ønskjer med dette å gje våre samarbeidsinstansar ei kort orientering om føremål, organisering og aktivering av psykososialt kriseteamet i Radøy kommune.

Det psykosiale kriseteamet er tverrfagleg og tverretatleg samansett og består av 11 medlemmar. Medlemmane er villege til å rykke ut dersom dei er tilgjengelege ved ekstraordinære hendingar. Føremål med innsatsen er å gje psykososial hjelp til å handtere akutte psykologiske stressreaksjonar i etterkant av ei potensiell traumatiserande hending og gjennom ulike tiltak førebyggje at framtidige helseproblem oppstår.

Statlege myndigheiter gjev tydlege føringar på at alle kommunar bør ha eit psykososialt kriseteam, men det er ikkje ei lovpålagt oppgåve.

Teammedlemmane har inga fast eller betalt vaktordning. Dette betyr at enkelte periodar kan vere sårbare i høve mobilisering av personell.

Teamet kan kontaktast når behov for innsats vert vurdert å vere utover det som akuttetatar, naturleg nettverket og ordinært tenesteapparat kan ivareta.

Start øvst på lista og ring nedover. Den som først vert kontakta tek ansvar for å vurdere vidare mobilisering av teamet. For å kunne yte god hjelp er det viktig at den i teamet som får koordineringsansvaret får naudsynt informasjon og at dei råka er informert og samtykkjer til at teamet skal ta kontakt.

Leiar for kriseteam har ansvar for at kontaktinformasjon til medlemmane er oppdatert.

Dersom noko er uklårt eller Dykk har spørsmål til ordninga kan de ta kontakt med underteikna for psykososialt kriseteam i Radøy.

Vi ser fram til eit godt samarbeid vidare med Dykk og ønskjer god sommar.

Med helsing

---

### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

Mette Fauskanger  
kommunalsjef helse og omsorg

Marita Ulriksen Årseth  
Leiar for Psykososialt kriseteam Radøy

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jarle Landås  
Johnny Brattetaule  
Mette Fauskanger

**Mottakarar:**

Brannsjef  
Nordhordland Legevakt  
Radøy Legesenter

Radøyvegen 1621 B

5936

MANGER